Notat

Norconsult

Oppdragsgjevar: [Client]
Oppdragsnr.: 52602717 Dokumentnr.: N02

Til:	Luster kommune
Frå:	Åsmund Veigel Gaukstad
Stad, dato:	Sogndal / 2026-06-19
Kopi til:	Kjell Bjørn Neset

Detaljregulering Skjolden cruisekai - vurdering mot verkeområde til forskrift om konsekvensutgreiing

Innleiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal forslagsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gitt av forslagsstillar skal ansvarleg mynde (Luster kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunngjevast. Forslagsstillar for dette planarbeidet er Skjolden Cruisekai AS.

Planområdet og tiltaka planen skal legge til rette for

Planområdet er lokalisert sør i Skjolden sentrum, mellom Lustrafjorden og fv. 5637. Planområdet er om lag 200 dekar.

Føremålet med planarbeidet er å avklare framtidig arealbruk gjennom ein samanhengande og oppdatert plan for området. For å sikre føreseielege rammer for behov for kort og lang sikt, ønskjer Skjolden Cruisekai AS å få detaljregulert område i samsvar med dagens bruk og vidare utviklingsplanar i sjø og på land.

Innanfor området har planen som formål å legge til rette for vidareutvikling av sjøområda tilknytt cruisekaia og Eidsbukti. Det er i denne samanheng ynskjeleg å utvide eksisterande cruisekai mot vest. Utvidinga skal ikkje legge til rette for større cruisetrafikk enn i dag, men sikre betre rammer for dei doble cruiseanløpa som Skjolden Cruisekai har i dag. I tillegg ønskjer framleggsstillar å legge til rette for flytande installasjonar (brygger/sauna) tilknytt dagens feriehus nord i planområdet, og ei byggegrense i sjø som sikrar naudsynt vedlikehald av eksisterande brygge ved Bryggjehuset.

På land er det ønskeleg å auke overnattingskapasitet ved å ta i bruk arealet som er avsett til fritids- og turistformål på Grøthaugodden. I tillegg ønskjer tiltakshavar eit ombygging av eksisterande leiligheiter, med sikte på mindre og fleire einingar. Samla sett er planlagt auke i overnattingskapasitet vurdert å utløyse behov for omlag 30 parkeringsplassar. Ved cruisekaia ønskjer framleggsstillar betre tilrettelegging for buss og moglegheit for landstraumanlegg.

Framleggsstillar ønskjer å vidareføre arealet som er avsett til friområde i strandsona ved Eidselvi og badestranda nordaust for Eidsbukti. I tillegg ønskjer framleggstillar å opparbeide fiskeplatå tilknytt Eidselvi.

Tilhøve til planar

Området er regulert. Planframlegget vil erstatte reguleringsplan for *Skjolden brygge (planid 4644_2009009)* i sin heilskap, samt delar av reguleringsplanen *Skjolden (planid 4644_1995006)*.

Ved utarbeiding av planinitiativ føreligg framlegg til ny arealdel for Luster kommune (2024-2036). I framlegg til ny arealdel er områda i stor grad avsett til aktuelle formål.



Figur 1: Utsnitt av framlegg til ny arealbruk for arealdel til kommuneplan 2024-2036. Planområdet er markert med raud linje.

Det er delvis Ikkje samsvar knytt til areal i sjø; areal i sjø kring cruisekai og infrastruktur i Eidsbukta er avsett til fiske i framlegg til KPA. Same gjeld flytebrygge/sauna og byggegrense Bryggjehuset, men dette er mindre tiltak som vil ha låg konflikt. Det er større areal sett av til cruisekai mot sør i gjeldande reguleringsplan enn i overordna plan. I framlegg til ny kommuneplan er reguleringsplan for Skjolden Brygge vidareført med omsynssone H910. Det vert med bakgrunn i dette lagt til grunn at føremål i gjeldande plan gjeld føre arealføremål i KPA.

I tillegg vil areal til landstraum og snuplass for buss medføre mindre inngrep i LNF.

Framleggstillar er kjend med at det pågår arbeid med reguleringsplan for Eidsbakkane – Skjolden - gbnr. 17/26 (planID 2022004), som delvis overlappar med føreslått planområde. Det vil bli gjort naudsynte avklaringar om avgrensingar mellom planane, særleg i høve tilkomst frå Sørsidevegen.

Planframlegget og verkeområde til forskrifta om KU

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Tiltaket fell ikkje inn under tiltak som alltid skal konsekvensutgreiiast (§ 6). Tiltaka er ikkje direkte omfatta av konkrete tiltakstypar i vedlegg II, men kan falle inn under ei utvida tolking av punkt 12 (turisme og fritid) sidan tiltaka vil tilrettelegge for auka turistverksemd og styrking av reiselivsrelaterte funksjonar i strandsona.

For å vurdere om planarbeidet kan få vesentlege verknadar, skal den vurderast etter dei særskilde kriteria i forskrifta om konsekvensutgreiingar. Planarbeidet vert vidare vurdert i høve kriteria i § 10 i forskrifta.

Vurdering i høve kriteria i § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar

I vurderinga av om planen kan få vesentlege verknadar, skal det i samsvar med § 9 i forskrifta takast omsyn til eigenskapar ved planen eller tiltaket, lokalisering samt påverknad på omgjevnadene. I tillegg skal det sjåast på eigenskapane ved verknadane. Kva omsyn som skal vurderast, er nærmare omtala i bokstav a) – d) i § 9 i forskrifta.

Eigenskapar ved planen og tiltaket som planen opnar for

Planområdet ligg mellom Lustrafjorden og fv.5637 vest for Skjolden sentrum. Arealbruken som planen har til formål å legge til rette for er i stor grad i samsvar med arealbruken i kommuneplanen. Det er føreslått noko endra arealbruk innanfor areal som i framlegg til ny kommuneplan er avsett til fiske og LNF.

Det ligg ikkje føre planar om etablering av nye funksjonar innanfor området som skapar utfordringar i høve avfall, forureining eller risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofer.

Påverknad på omgjevnadane

Underpunkta for vurdering av påverknad gjev i liten grad presise kriterium. Det er dermed trong for bruk av skjønn. I vurderinga reknar vi med at terskelen for å rekne følgjer som er nemnt i forskrifta som «vesentlege» er forholdsvis høg, og at reguleringsplanar med «normalt» konflikt- og kompleksitetsnivå ikkje fell inn under det saklege verkeområdet for utgreiings- og handsamingsreglane i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Vurderinga er basert på informasjon som er henta frå nasjonale databasar. Det har ikkje kome fram informasjon gjennom vurderinga som har gjort det naudsynt å drøfte særskilte problemstillingar med regionale- og statlege styresmakter.

I § 10 står det at det skal gjerast ei vurdering av om planen kan føre til, eller komme i konflikt med (forskrifta sin ordlyd er rykka inn og angitt med kursiv skrift);

pkt. a)

> *verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven*

Planområdet både dels grensar til og dels femnar om Lustrafjorden. Sognefjorden er kandidatområde for marint vern. Høyringa for verneforslaget ligg ute, med frist for innspel 1.november 2026. Verneforslaget skal i utgangspunktet bli avgrensa mot land ved to meters djupne ved middels låg vasstand eller til marebakken, der den kan påvisast.

Eidselvi/Fortunselvi er lakseførande, men ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

pkt. b)

> *truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv*

Det er registrert to enger i/nær planområde, begge kartlagt av Multiconsult i 2022. Lokalitet Eidsneset (NINFP2210094289) ligg på austsida av fv.5637, like utanfor planområdet. Lokalitet Grøthaugodden (NINFP2210094318) ligg på nordsida av fv.5637, dels innanfor planområdet. Tilstanden er vurdert til dårleg, men funn av rødknapp, prestekrage, blåklokke, kvitmaure, tiriltunge og skogkløver tilseier stort naturmangfald.

Bryggjehuset er eit SEFRAK-bygg som er meldepliktig etter kulturminnelova §25. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg på austsida av fv. 5637, men desse er utanfor planområdet. Det er gjort fleire funn av automatisk freda kulturminner under vatn. Ved Eidsbakkane er det registrert eit skipsfunn (kulturminne-ID 112634), datert til fjerde kvartal av 1800-talet. Ved Eidsbukti er det registrert skipsvrak og anker (kulturminne-ID 11263), datert til første kvartal av 1900-talet. Sør for Eidsbukti er det registrert marine lausfunn (kulturminneID 151001) med ulike datering. Dei marine lausfunna er fjerna. Samla sett tilseier registreringane at området har ein viss kulturhistorisk verdi.

Lustrafjorden er i sin heilskap er registrert som eit viktig friluftsområde. Fv.5637 er registrert som sykkelrute frå Skjolden til Urnes, og «gamle» Sørsidevegen er del av grøntkorridoren i Skjolden sentrum.

pkt. c)

> *statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.*

Planområdet ligg innanfor verkeområdet til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, som legg vekt på å avgrense nedbygging i strandsona. Samstundes opnar retningslinjene for ei meir nyansert vurdering i område med mindre utbyggingspress, der omsynet til lokal næringsutvikling kan tilleggjast vekt, føreset at utbygginga vert tilpassa eksisterande miljø og ikkje kjem i konflikt med viktige strandsoneverdiar.

pkt. d)

større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet

Hovuddelen av arealet (omlag 100m$^{2)}$ som er ønska å regulere til landstraum er sett av til LNF-formål i framlegg til ny kommuneplanen, men vil vere avgrensa til det grå arealet som er etablert i forlenginga av vegen.

Reell omdisponering av områder avsett til landbruksareal vil vere tilknytt utviding av dagens snu/parkeringsplass for buss. Det er vurdert som tilstrekkeleg med ei utviding på 5 meter mot aust, i forlenginga av dagens vegskulder som synt på bilete.



Figur 2 Ønska område for utvida snuplass

pkt. e)

økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet

Planområdet er i kontakt med to vassførekomstar. Eidselvi har ikkje klassifisert tilstand, men laksebestanden i vassdraget er klassifisert til svært dårleg grunna genetisk effekt av innblanding av rømt oppdrettsfisk. Lustrafjorden er klassifisert med god kjemisk og økologisk tilstand. Planen vil ikkje legge til rette for nye tiltak som vil gje auka belastning på berørte vassførekomstar.

pkt. f)

konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning

Planen vil ikkje legge til rette for nye tiltak som vil kunne få vesentlege konsekvensar for helse.

pkt. g)

vesentlig forurensning eller klimagassutslipp

Planen vil ikkje legge til rette for nye tiltak som vil gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Siktemålet med planen er ikkje å legge til rette for ei auke i dagens cruisetrafikk, men å sikre betre rammer for drifta av dagens cruiseanløp til Skjolden Cruisekai

pkt. h)

> *risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.*

I nord ligg delar av planområdet innanfor aksemdsområde for flaum tilknytt Eidselvi. Den sørlege halvdelen av planområdet er omfatta av to ulike aksemdsområder for jord- og flaumskred. Nær heile planområdet ligg innanfor aksemdsone for steinprang.

Konklusjon

Planområdet overlappar delvis/ligg nær Sognefjorden som er føreslått verna. Planen legg opp til nye tiltak i sjø, som ikkje er i samsvar med overordna plan men vurdert som mindre mindre vesentlege då det er snakk om tiltak i eit område som i stor grad er nedbygd. Tiltaka planen skal legge til rette for omsyntek område som i gjeldande planar har avsett som friområde.

Avklaring av reell naturfare vil gjennomførast tidleg i planprosessen. Omsyn til naturfare vil vere del av avgjerdsgrunnlaget for utarbeiding av endeleg konsept og plassering av funksjonar til reguleringsplanen. Det er difor lagt til grunn at planframlegget kan verte utarbeida utan at tiltaka i planen får vesentleg verknadar for miljø og / eller samfunn.

Vår samla vurdering vert ut frå ovannemnde, at planområdet er eit område der dei særskilde utgreiings og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar ikkje gjer seg gjeldande.

Dette utelukkar ikkje at Luster kommune, Statsforvaltaren i Vestland eller andre mynde kan stille bestemte krav til framleggsstillar om utgreiing osb. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
N01	12.06.26	For intern bruk	EMMNES	AASGAU	AASGAU
N02	12.06.26	Til kunde	EMMNES	AASGAU	AASGAU

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.